



Notat

Dato: 05.11.2014
Arkivsak: 2014/10767-6
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Støy ved fylling av gass på Halhjem - Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 20.08.14 sette representanten Gustav Bahun (Frp) fram slikt oversendingsforslag:

«Det vart synt til at folk som bur i nærleiken av ferjekaien på Halhjem framleis er plaga av støy frå gassfyllinga. Ber om at administrasjonen på nytt ser på denne saka.»

Samferdselsavdelinga tok i brev av 01.09.14 opp saka med Gasnor AS. Det ligg no føre svar frå Gasnor AS i brev av 14.10.14 (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til svaret frå Gasnor AS og har elles ikkje nokon merknader.